

Ottar Grepstad

Jakob Sandes kulturelle skørfeste

JAKOB SANDE HAR VISST ALDRI vore min mann.

Det burde han jo vere. Han var ein stor songlyrikar, og mest alt han dikta og skreiv, gjorde han på nynorsk. Blant dei store nynorske forfattarskapane er dette likevel ein av dei eg har visst minst om og tenkt lite på. For ein sunnfjording burde det vel alt i utgangspunktet ha vore annleis. Å kjenne nokre Sande-tekstar godt og setje pris på dei, og då gjerne dei som så mange andre også set høgt, er likevel noko heilt anna enn å kjenne heile forfattarskapen.

Det var nemleg ikkje noveller og dikt av Jakob Sande eg kjøpte ein augustdag for lenge sidan hos Eikenæs Bok og Papir på Sandane. Eg hadde teke til på norsk grunnfag i Bergen og hadde skrekkeleg mykje skjønnlitterær lesnad å ta att etter år med politisk aktivisme, stortingsmeldingar, utgreiingar og annan maktfull sakprosa. Hos Eikenæs gjorde eg det kuppet å kjøpe åtte billigutgåver av Aksel Sandemose til skammeleg låg pakkepris. Heime i Stardalen i Jølster var det håslått, og ikkje sluntra eg unna, men dette var den sommaren eg gjekk forbi Sande og kom til Sandemose. Den essayistiske diktinga hans appellerte truleg meir til ein ung og politisert lesar enn den forteljande diktinga til Sande. Då haustsemesteret i 1978 tok til på Sydneshaugen i Bergen, hadde eg lese min Sandemose ferdig, og skal eg tru førelesingsnotata mine, og det trur eg at eg vil gjere, så blei ikkje Jakob Sande nemnd korkje den hausten eller i noko anna semester.

Etter kvart er det blitt ein omfattande litteratur om denne forfattarskapen. Det har Jakob Sande-selskapet mykje av æra for. Det siste tiåret er det truleg kome like mange studiar i Sandes liv og verk som i alle dei år før selskapet blei skipa i 1991. Særleg lyrikken er blitt nøye uforska, så vel enkeltdikt og diktsamlingar som tema og motiv. Den skjønnlitterære prosaen har fått mindre merksemd, og det Jakob Sande skreiv av sakprosa, er til no mest blitt handsama som ein tilgrodd bygdeveg. Eit stykke på veg følgjer eg i dei same fotefara ved dette høvet.

Eg har alle årbøkene frå Sande-selskapet, og hadde lese litt her og der i dei, men ikkje så grundig at noko fasttømra Sande-bilete hadde danna seg. I jakta etter noko som kunne opne for eller gi innsyn i forholdet mellom Jakob Sande og det nynorske, las eg difor med nokså blanke ark tvers gjennom *Dikt i samling*. Då oppdaga eg ei side ved denne forfattarskapen som overraska meg. Mykje av det eg hadde sett, fann eg att i grundige studiar då eg seinare tok for meg Sande-litteraturen. Men det som hadde overraska meg, var det få spor etter i litteraturen om Sande.

Det som hadde kome uventa på meg, var nokre posisjonar og normer som i akademisk sjargong kunne bli kalla problematiske eller motsetnadsfylte. Eg triv heller spaden i handa og seier det på min måte: I Jakob Sandes lyrikk ser det ut til å vere ei samfunnsforståing vi ikkje utan vidare bør godta. Den oppfatninga peikar mot essensen av forholdet hans til skriftkultur generelt og nynorsk skriftkultur spesielt. Eg les altså nokre av tekstane hans på ein heilt annan måte enn det som er blitt gjort til no.

Her smetter eg straks inn to atterhald. Det eine er at eg ikkje har lese alt Jakob Sande har skrive. Ymse artiklar av han kan setje noko av det eg no fører til protokollen, i eit anna lys eller nyansere det kraftig. Det andre er at *Dikt i samling*, liksom andre dikt av kven det så skulle vere, ikkje utan vidare skal lesast som reine meiningsytringar. Likevel kan det gi meining å drøfte kritisk det

synet på kunnskap som pregar Jakob Sandes diktverk, og kva dette fører til av allmenne komplikasjonar for forholdet mellom Sande og det nynorske.

Med fare for å skrive det unødvendige må eg då først minne om at Jakob Sande var ein diktar med solid utdanning. Han tok eksamen artium ved Firda gymnas på Sandane i 1926 og avslutta si universitetsutdanning i 1931 med norsk hovudfag i tillegg til historie og tysk, med Welhavens romanar som emne for hovudoppgåva. I det daglege, som det heiter når aviser skriv om forfattarar, var han lærar i mellomskulen og den vidaregåande skulen i tretti år. Han var lærar på tre stader langt unna det nynorske: pedagogisk praksishalvår på Stabekk våren 1932, Fredrikstad høiere almenskole 1935–1945 og på Ullern i Oslo 1946–1965.¹

Sande i det nynorske

Forholdet mellom Jakob Sande og det nynorske har fleire sider. Mange av dei er godt kartlagde. Gunnstein Akselberg har såleis vist at Jakob Sande var lojal mot skiftande rettskrivingsvedtak frå første boka i 1929 til den niande og siste i 1961, og at han eksperimenterte lite med både form- og lydverk. Jakob Sande fastla i store trekk si nynorske språknorm frå og med *Guten og grenda* i 1945. Han var ein måldyrkar som førte vidare den puristiske linja til Ivar Aasen og styrte unna ord og namnelekkar av dansk eller dansk-tysk opphav sjølv når desse hadde gått inn i talemålet på bygdene.² I diktinga si søkte han den gode balansen mellom det talemålsnære og det litterære.³ Ut over dette heldt han fast ved folkemålet som språkleg posisjon: Språket skulle vere av norsk rot og byggje på den folkelege daglegtaleten.

Ei anna side er måten han skreiv seg inn i norsk litteraturhistorie på. Han blei oppfatta som ei fornying av nynorsk poesi då han gav ut første diktsamlinga

¹ Opplysninga om Stabekk er frå brev til Halldis Moren Vesaas 1.7.1932, i *Sjømannen Jakob Sande*, Oslo 1992, s. 14.

² Gunnstein Akselberg: "Jakob Sande og Ivar Aasen", *Jakob Sande 1996*, s. 89f og 93.

³ Meir om dette i Alf Hellevik: "Jakob Sande som sambygding, ven og målkunstnar", *Jakob Sande 1992*, s. 58.

si i 1929. I dag er ikkje det innlysande, så mykje som det er av traderte og vel etablerte dikteformer i den samlinga. Som så mange andre nynorske diktarar før han knytte også han dei banda som trongst til farne tider og norrøn litteratur.⁴ Dei første meldarane var rett nok ikkje samde om kva slags forfattar dette var. Sande fører ”ein ny tone inn i landsmålslyrikken,” skreiv den anonyme meldaren i *Firda Tidend*. Meldaren i *Firda Folkeblad* ser også noko som skil seg ut: ”I motsetnad til det som vanleg er skapt av lyrikk på nynorsk, hev det meste her ein døkk bakgrunn.”⁵

I ettertid er tvert om dei satiriske og skjemtande sidene ved diktinga hans blitt jamt meir framheva. Narve Bjørgo la alt i 1959 vekt på snerten i satiren og viddet i humoren, og meinte at ”som biletskapande verskunstnar har Sande berre få jamlikar i nynorsk bokheim”.⁶ Jan Inge Sørbo har gått vidare i denne tankegangen. Han har streka under at Sandes forfattarskap er ein av dei få i nynorsklitteraturen som har dominerande innslag av satire og skjemt, at mykje av satiren er retta mot bygda, ikkje byen, at Sande heile tida vandrar mellom det høge og det låge, og at han er lojal mot Gud, men spottar maktbruk i Guds namn.⁷

Jakob Sande blei skriven inn i norsk litteraturhistorie, men nynorsksida av denne sytte altså for å skrive han inn i det nynorske manntalet også. Dei jamførte han difor helst med andre nynorskforfattarar. I denne historieskrivinga er det eit nokså fast innslag å reflektere over den aktuelle diktarens bruk av det nynorske, slik Bjørgo gjorde i *Syn og Segn*: ”Nynorsken er for Sande eit instrument med velklingande strenger for heile skalaen mellom blasfemi og religiøs lengt.”⁸ Steinar Brauteset hadde streka under noko liknande i hovudoppgåva si eit par år tidlegare. Han viste at i eit dikt som ”Mina” i

⁴ Steinar Brauteset: „Jakob Sandes lyrikk“, *Jakob Sande 1994*, s. 9ff.

⁵ ”Den nye landsmaalslyrikaren” i *Firda Tidend* 12.11.1929 og ”Diktsamlingi fraa Jakob Sande” i *Firda Folkeblad* 15.11.1929.

⁶ Narve Bjørgo: „Streiftog i Jakob Sandes lyrikk“, *Syn og Segn* 1959, s. 75f.

⁷ Jan Inge Sørbo: ”Jakob Sande – spottar og salmediktar”, *Jakob Sande 1998*, s. 41ff.

⁸ Narve Bjørgo, same staden, s. 81.

samlinga *Korn og klunger* hadde dikteren brukt både sjømannsordet ”stimspruten” og det litterære nynorske ”eimgov”. Med slike friske leksikalske tilskot, skreiv Brauteset, var Sande med og ”utvida spennvidda i nynorsk mål”.⁹

Slik blei han *vår* mann. Kva har ikkje den frilyndte ungdomsrørsla å takke denne dikteren for? spurde Narve Bjørgo i *Syn og Segn*, og viste til at Sande var blitt ”dei frilyndte sin diktar”, som maskot og skytshelgen.¹⁰ Dette kan det vere fleire grunnar til. Jakob Sande skreiv songlyrikk som høvde til bruk når dei frilyndte møttest til song, teater og dans, han skreiv om samfunnsformasjonar som var grunnlaget for heile ungdomslagsrørsla, og han skreiv slik at det var lett for dei å slutte seg til mange av normene i tekstane hans. Rolv Thesen tok mot debutsamlinga med ei utsegn om at det stundom har vore ”mykje uklår og vanskeleg tale i nynorsk lyrikk, mykje ordrik og unorsk sentimentalitet”.¹¹ Eg finn ei liknande vurdering hos Einar Økland, som meiner at Sande ikkje førte inn noko nytt i litteraturen som heilskap, men at han i nynorsk lyrikk ”justerte tonen og temavala i dikta til meir å vere på linje med den faktiske og aktuelle tonen som alt var i bruk mellom folk”.¹² Oddleif Fagerheim har forsterka dette og hevda at den nynorske lyrikken før Sande var nærmast utilgjengeleg for det han kallar kvardagens menneske, og at Sande gav eit allment verd for det norske bygdesamfunnet.¹³

Her må vi ikkje gløyme at ny, verdsleg songlyrikk på nynorsk var mangelvare nettopp i dei tiåra Jakob Sande dikta som mest. Han var jo ein drivande god historieforteljar. Den slags blir det heller aldri for mange av på nynorsk. For miljø som Studentmållaget i Oslo var det viktig for identitetsbygginga at framstående nynorske diktarar, intellektuelle og spelemenn kom til møta deira og ytte sitt.¹⁴ Dikteren frå Dale var særskild viktig fordi han var

⁹ Steinar Brauteset: *Jakob Sandes lyrikk 1929 – 1956*, Oslo 1957, s. 61.

¹⁰ Narve Bjørgo, same staden, s. 82.

¹¹ Rolv Thesen, sitert etter Brauteset, s. 6, som siterer Jon Bleie (red): *Ni bokmeldingar i utval*, Bergen 1949, s. 7.

¹² Einar Økland: „Jakob Sande samla“, *I tilfelle nokon spør*, Oslo 2001, s. 144.

¹³ Oddleif Fagerheim: ”Jakob Sandes dikting”, *Jakob Sande 1996*, s. 36ff.

¹⁴ Erling Læg Reid: ”Han bar sin koffert sjølv”, *Jakob Sande 2002*, s. 26.

populær på nynorsk: ”Målpolitisk var derfor Jakob Sande den kanskje viktigaste målmannen vår i denne tida,” skriv Erling Læg Reid. ”Han sjarmerte folk i senk og fekk dei til å le. Og det vil folk ha til alle tider.”¹⁵

Sande fann ei dør ut av dette nynorske rommet.

Grammofonplateindustrien og underhaldningsindustrien bygde seg opp i hans tid, men ikkje med tilbod på nynorsk. Nynorsk var ikkje akseptert som målform i slik kommers; det fekk Nora Brockstedt merke då ho i 1956 gav ut plate med eit par nynorske songar frå teaterstykket *Show Boat*. Det vekte meir enn oppsikt då Ivar Medaas i 1961 tok nynorsken med seg inn på *Chat Noir*, ein av dei mest fordomsfulle stadene i heile Kultur-Noreg. På slike underhaldningsarenaer og i vise- og musikarmiljøet var Sande etter kvart heimekjend. Han fekk vere entertainer, tente ganske sikkert nødvendige kroner på det, og dei to ulike para Kurt Foss og Reidar Bø, Geirr Tveitt og Ivar Medaas, gav dikta hans endå større utbreiing.

Eitt av dei dikta som enno ikkje er komne med i den samla diktutgåva, er ”Vestlandsvalsen”. Den syngjande og populærmusikk-komponerande svogeren Torgeir Audunson sette tone til diktet, eller så skreiv Sande dikt til tonen. Kor som er, så vann Audunson seint i 1930-åra ei visetevling som Bondeungdomslaget hadde lyst ut. Herbjørn Sørebo meiner dette var den første nynorske plateslageren i historia.¹⁶ Vi skal vel ikkje gløyme Thorvald Lammars innspelingar tidlegare i hundreåret, men held vi oss til populærmusikken, held utsegna vatn. Då eg prøvde å få fastare fisk med eigne søk i utvalde aviser og bøker, fann eg litt av kvart, men berre slikt eg ikkje såg etter.¹⁷ Det er i slike høve vår vandrane nasjonalbibliotekar Einar Økland får spele på alle sine strenger. Etter noko leiting fann han ut at Akres trio med vokalist Torgeir

¹⁵ Erling Læg Reid: ”Han bar sin koffert sjølv”, *Jakob Sande 2002*, s. 27.

¹⁶ Herbjørn Sørebo: ”Naturlyrikaren Jakob Sande”, i Herbjørn Sørebo og Ludvig Eikaas: *Fløytelåt*, Oslo 1996, s. 26.

¹⁷ Einar Økland: *I tilfelle nokon spør*, Oslo 2002, s. 136. Gjennomgang av *Norsk Tidend 1937-39* og *Norsk Ungdom 1935-42* gav ingen opplysningar i det heile. Tiltaket er heller ikkje nemnt i Ivar Eskeland: *50-års saga om Bondeungdomslaget i Bergen*, Bergen 1959.

Audunson hadde spelt inn songen på ei Columbia-plate med "Spel en rundvals igjen" på baksida. Matrisenummeret for innspelinga var tidfesta til oktober 1938, og plata kan då ha blitt utgitt til dømes i 1939. Konkurransen var såleis mest truleg avvika i 1937 eller 1938. Om Columbia var med frå første stund, eller om nokon hadde leita etter plateutgivar etterpå, veit ikkje eg, for her snurrar saka enno.¹⁸ Etter mykje leiting har eg framleis så få spor at éin konklusjon ligg nær: I si samtid skapte denne slageren på nynorsk få overskrifter eller store avisoppslag på nynorsk. Det er som om dette var noko den nynorske offentlegheita ikkje hadde noko med. *Ville* dei ha noko med det å gjere?

Det var som nasjonalistisk kampdiktar Jakob Sande for første gong publiserte dikt under eige namn. Det skjedde seinhaustes 1923 då *Gula Tidend* prenta diktet hans "Mot dag":¹⁹

Det gaar over landet ein vekkjande vind,
han leikar so frisk og ung.
Sjaa, skodda lettar og stryk ifraa tind,
før laag ho og tyngde so tung.

Sjaa fjelli, so bjart i soli ligg,
og straalane spelar paa egg og pigg!
Snart renner ei betre, ei ljosare tid,
med solskin og lukka blid.

¹⁸ Einar Økland fann stoff om dette i Vidar Vanberg: *Norsk grammofonplatehistorie III*, 1984. Etter denne tidfestinga gjekk eg gjennom *Gula Tidend* 1938 – mars 1939 og *Nynorsk Vekeblad* 1938–39. Det nærmaste eg kom, var annonsar for grammofonspelarar. Den syngjande populærkomponisten Torgeir Audunson sette melodi til ei rekkje tekstar i 1930-åra, m.a. "Tango Marina", og melodien "Vestlandsvalsen" er enno til sals på *LirekassCD'n nr. 6*. Der har Lodin Aukland tidfesta songen til 1937. I ein fotnote er det plass til å fabulere over historiske marginar: Finn Christen Hansen skriv i ein nettbioografi om songaren Arne Sveen, han med "Norge i rødt, hvitt og blått" og "Gamle Svarten", at han spelte inn "Tango Marina" i slutten av mars 1939. Plata blei aldri gitt ut: "Alle voksopptak ble den gang sendt til England for matrisering. Disse matrisene kom imidlertid aldri tilbake til Norge, for barken krigsforliste og opptakene forsvant i havet" (http://www.bocom.no/sveen/arne_sveen.htm). Den første nynorske plateslageren var altså berre nokre månader unna eit krigsforlis. Spreidde arkivundersøkingar i arkiva til BUL Oslo har ikkje gitt resultat til no.

¹⁹ *Gula Tidend* 23.11.1923. Eg blei første gong merksam på diktet i Ove Eide: "... Ei bombe i den fredelege folkehøp...", *Jakob Sande 2000*, s. 121.

Snart sigrar vaart gamle norrøne maal,
det trur eg so visst og vonar.
Daa strøymer det friskt liksom klang av staal,
og mjukt liksom fløytetonar.

Det skirlast skal for alt framandt skrot;
alt framandt skal tynast og rivast med rot!
Ja, målet skal skirlast i bok og munn,
paa Noreg sin sogegrunn!

Diktaren kjenner tydeleg både sin Olaus Fjørtoft og sin Ivar Mortensson-Egnund, og har laga ein tekst som ber i seg dei fleste grunntrekka ved agitasjonstekstar: Naturelementa som blir metaforar for både framgang og motkrefter, historia som er på ”vår” side, og besverginga av at sigeren er nær. Det einaste grunnelementet som manglar, er maninga til kamp.²⁰

Jakob Sande tok altså til med å dikte på nynorsk, og han skreiv mest alltid på nynorsk. Der han kom frå, var nynorsk i ferd med å bli ein sjølvsgd del av kvardagen. Difor er det også viktig kvar han publiserte det første signerte diktet. Gula Tidend var på denne tida ei viktig avis for både Hordaland og Sogn og Fjordane, ikkje minst i kystbygdene, skreiv gjerne litt om Rogaland også, og stilte spalteplass til rådvelde for mange nynorskdiktarar.²¹ Ved å skrive i Gula kunne den unge diktaren både kome i godt litterært selskap, kanskje vinne anerkjenning og nå ut til sine egne med det han hadde på hjartet. Bladet rapporterte jamleg om utviklinga i bruken av nynorsk, og Kolbein Melvær, seinare ungdomsvenn av Sande, var fast meldar av nye teaterstykker på Den Nationale Scene i 1919 og 1920. På denne tida prenta bladet også ei rekkje dikt av Byron og Burns, gjendikta av Edvard Alme, ymse landskapsdikt og fleire høvesdikt av Olav Nygard. Det oppdaga eg då eg leitte gjennom 1919- og 1920-

²⁰ Ottar Grepstad: *Balladen om Europa. Viser og dikt i EF-striden 1970-72*, Oslo 1985.

²¹ Ove Eide: ”... Ei bombe i den fredelege folkehøp...”, *Jakob Sande 2000*, s. 122.

årgangen etter det diktet Jakob Sande sjølv sa han hadde fått på trykk i Gula som 13-åring.²² Anten var han eldre då diktet blei trykt, eller så var det i ei anna avis; det stod iallfall ikkje noko slikt i Gula desse to åra, heller ikkje med pseudonym som kunne mistenkjast for å vere denne 13-åringen.

Eit agitasjonsdikt som i 1923 erklærer at kampen snart er vunnen, var kanskje ikkje så utopisk som det kan verke i dag? Vi veit jo at det var nettopp i nedslagsfeltet til Gula Tidend at nynorsk kom tidleg og mykje i bruk.²³ Fast fjell var det likevel ikkje under diktarens ungdommelege pågangsmot. I Fjaler blei nynorsk hovudmål i alle skulekrinsane frå 1908 etter at fleire krinsar alt hadde brukt nynorsk ei tid. Nynorsk var fast takst i møteboka for skulestyret frå 1909 – der far til dikteren var formann, og for kommunestyret frå 1914. Same året blei Blix-salmane røysta inn, etter at eit klart fleirtal hadde røysta nei åtte år tidlegare. Først i 1933 blei nynorsk salmebok og altarbok teken i bruk i Dale.²⁴ Det var to år etter at Jakob Sande hadde publisert ”Det lyser i stille grender”. Utan den optimismen Sande målbar i debutdiktet sitt, ville det knapt gått rette vegen, men denne optimismen kunne også skape falske illusjonar.

Etter som sakprosaen til Jakob Sande ikkje er kartlagd, veit eg lite om kva han elles sette på prent av målpolitisk agitasjon. At han var ein målpolitisk aktivist, er derimot kjent. Eg blei mint om det då eg midt inne i ein bunke med nye avisklipp uventa fann eit femti år gammalt foto. Under vignetten ”det var da, det...” hadde avisa Klar Tale trykt eit foto frå eit debattmøte i Den norske Forfatterforening i 1952. Emnet for møtet var nynorsk, og fotografiet viser debattantane Jakob Sande, Arnulf Øverland, Sigurd Hoel og Helge Ingstad.²⁵ Meir stod det ikkje i den billetteksten.

²² Det ser ut til at det er Norvald Tveit som er opphavet til denne informasjonen, jf. *Jakob Sande*, Oslo 1975, s. 46, og Herbjørn Sørebo nemner det i artikkelen sin i Herbjørn Sørebo og Ludvig Eikaas: *Fløyteått*, Oslo 1996. Spørsmålet er ikkje nemnt av Ove Eide i artikkelen om Sande-dikting før debutboka, jf. note 19. Det heile er nok ei lita biografisk-litterær misferd.

²³ Ottar Grepstad: *Nynorsk faktabok 1998*, Oslo 1998, s. 21f og 27ff.

²⁴ Anders A. Lothe: *Målreisings saga i Sogn og Fjordane*, [1950], s. 279, 351f, 402 og 432.

²⁵ *Klar Tale* 20.3.2003.

Viss tidfestinga i avisa er rett, må fotografiet vere frå eit møte før april 1952. Både Sande og Ingstad sat i styret for forfattarforeininga dei første åra etter den tyske okkupasjonen. Med Øverland som formann gjekk Riksmålsforbundet i desse åra hardt ut mot den ”sprogødeleggelse” dei meinte å sjå. Skyteskiva for kritikken var det nye organet Norsk språknemnd. Då forfattarforeininga skulle avgjere om dei skulle vere representert i den nemnda, blei motsetnadene så sterke at foreininga blei kløyvd. 32 medlemmer melde seg ut og skipa Forfatterforeningen av 1952 i slutten av april 1952. Der var både Hoel, Ingstad og Øverland med.²⁶ Nærmare undersøkingar stadfestar dette enkle resonnementet. Biletbyrået Scanpix eig fotografiet og har opplyst at det er frå eit møte 20. mars 1952.

Det er delte meiningar om kor sterk ein debattant og organisasjonsmann Jakob Sande var i slike samanhengar. Så seier soga: Ein gong tok han ordet i ein målpolitisk debatt i Studentersamfundet i Oslo. ”Då skal Jakob Sande ha halde eit uvanleg konsist og friskt innlegg, så sterkt at ordskiftet bråslutta,” skriv Herbjørn Sørebo.²⁷ I omtalen av eit målpolitisk møte i Studentmållaget i Oslo er tonen frå ei anna kjelde ein heilt annan. Det gjekk ikkje så bra for Sande i denne rolla, skriv Erling Lægreid: ”Nokon retorikar eller debattant var han ikkje.”²⁸

Det som er meir sikkert, er at den radikale individualisten Jakob Sande til tider var politisk omstridd i målrørsla. Einar Økland har vist at det sterkt kulturkonservative tidsskriftet *Den 7de juni*, redigert av Severin Eskeland 1929–30, avskreiv debutboka til Sande som tidstypisk ungdomsgeip.²⁹ Særleg samlinga *Krossen og sleggja* frå 1939 med revolusjonære dikt av typen ”Til den norske landarbeidar” skal ha vore tung å svelje: ”Konservative målfolk vende seg like avvisande mot han som konservative riksmålsfolk,” skriv Herbjørn

²⁶ Nils Johan Ringdal: *Ordenes pris*, Oslo 1993, s. 228f, og 277ff.

²⁷ Herbjørn Sørebo: *Ein storm frå vest*, Oslo 2000, s. 46. Diverre er boka fri for brukande kjeldetilvisingar. Dermed blir det heller ikkje synleg at Sørebo m.a. har vore ein flittig lesar av hovudoppgåva til Steinar Brauteset.

²⁸ Erling Lægreid: ”Han bar sin koffert sjølv”, *Jakob Sande 2002*, s. 28.

²⁹ Einar Økland, same staden, s. 149.

Sørebø. ”Olav Rytter fortalde at han fekk styret i Norsk Tidend mot seg då han ville knyte Jakob Sande til bladet som fast skribent.”³⁰ Sørebø tidfestar ikkje dette, og det gjer heller ikkje Einar Økland når han skriv om det same.

Spørsmålet må iallfall ha vore oppe før diktsamlinga *Krossen og sleggja* låg føre, for Rytter var ansvarleg redaktør i Norsk Tidend 1935–36.

Det kan og må seiast mykje godt om den norske målrørsla. Men sanneleg har somme der også stelt seg skrekkeleg dumt i all sin illiberalitet og liberale intoleranse.³¹

Hos Jakob Sande var den nynorske sjølvforståinga nokså absolutt. For han som sjølv kunne skjemte med kva det skulle vere, var målet ein heilagdom. Herbjørn Sørebø siterer ei munnleg kjelde om at Sande kunne bli vill av sinne når nokon gjorde narr av Målet. Det var det ofte nokon som gjorde, veit vi. Stabekk, Fredrikstad og Ullern kan ikkje ha vore gode stader å vere for ein som reagerte slik. Men sjølv Sande kunne tilpasse seg: ”Til dagleg snakka han stivt riksmål.”³² I arkiva etter han finst det både enkelte brev, dikt og høvesdikt på riksmål.³³ Slik er det med mange profilerte nynorskbrukarar: Dei har vore reelt tospråklege.

Verda i Sandes dikt

Der er svært mykje tradisjonsstoff i dikta til Jakob Sande. Ei biografisk, men ikkje fullgod forklaring på dette er at Sande voks opp i eit miljø av munnleg forteljekunst. Kolbein Melvær framhevar særleg bestefarens rim og rytmar, segner og soger.³⁴ Den traderte diktekunsten gjer så mykje av seg i dikta til Jakob Sande at det mest berre er den moderne opphavsretten som hindrar at

³⁰ Herbjørn Sørebø, same staden, s. 86.

³¹ I styret for Nynorsk Dagblad L/L sat formann Ola Haraldseth, varaformann Torstein Christensen, Kjetil Ljøstad og Eiliv Skard, opplyser *Norsk Tidend* 24.9.1935. Ialffall jordbruksskulekonsulenten Christensen og meklarinspektøren Haraldseth hadde bakgrunn frå BUL i Oslo og mange verv. Det var venstremannen Haraldseth som gjorde opptaket til Oslo Nye Sparebank.

³² Herbjørn Sørebø, same staden, s. 94.

³³ Jf. til dømes Herbjørn Sørebø, same staden, s. 154f.

³⁴ Kolbein Melvær: ”Jakob Sande”, *Ung-Noreg* nr. 5-6/1936, opptrykk i *Jakob Sande 1994*, s. 69.

somme av dei blir forveksla med eldre tradisjonsstoff. Så sikker var Sande i takt og rytmer og språk. I Sande-litteraturen er det få som oppsummerer dette klarare og betre enn Marie Takvam, ho som kom til Eids gymnas på Nordfjordeid og oppdaga at ho sat på same pulten som Sande hadde hatt: ”Han har bruka dei strofeformer folk på Vestlandet kjende og tilført dei element frå europeisk litteratur. Ikkje minst frå franske mellomalderballadar.”³⁵

Som songdiktar er han blitt bindeleddet mellom dagens Edvard Hoem og gårdsdagens firkløver Aasen, Vinje, Garborg og Blix. Men det er noko desse fem har felles og som skil dei frå Sande. Sande hadde sin lutt; dei hadde sine skrifter. I den verda Jakob Sande diktar fram i lyrikken sin, er det nemleg den munnlege kulturen som rår. Hos han er det mange som snakkar og nokon som les, mens ein må leite med lys og lykter for å finne nokon som skriv.

Når eg legg ut på leiting etter Sande-dikt som tematiserer skriftkulturen, blir det fort tydeleg at dei fleste dikta ikkje står i nokon slik samanheng. Det viser seg at berre eit tjuetals dikt uttrykkjeleg nemner det skriftkulturelle, utanom dei mange som ber i seg element frå skriftkultur, til dømes dikt som samspelear med tekstar av Heinrich Heine eller Francois Villon.³⁶ Eit tjuetals er lite, for *Dikt i samling* inneheld om lag 290 dikt.

Det finst nokre få opne minningar om annan diktekunst i diktverda hans. Greske Ikaros er med i *Storm frå vest*, norrøne Skirnismål likeins. Av norske dikttrarar frå moderne tid er det berre referansar til Henrik Ibsen og Herman Wildenvey. Sjølv sa han, neppe berre på spøk, at han helst ville bli nemnd saman med Robert Burns, Gustav Fröding og Heinrich Heine.

I Sandes diktverd har den allmenne skriftkulturen knapt sett andre spor etter seg enn bibel og salmebok, og då talar vi helst om den danske Bibelen og Landstads reviderte, for dette er dikt om tida før Blix-salmane var komne i hus.

³⁵ Marie Takvam: ”Han laga ’styggeprat og bibelsitat i ei sann blanding’ – og han fekk folk til å le”, *Forfatternes litteraturhistorie*, bd. 4, Oslo 1981, s. 209.

³⁶ Gunnstein Akselberg: ”Grotesken som element i lyrikken til Jakob Sande”, *Jakob Sande 1998*, s. 58ff.

Her finst ein del nynorske bibel vendingar, men dei danske dominerer.³⁷ Denne skriftkulturen har visseleg sett mange spor etter seg. Når vesle Daniel skal ut i verda i samlinga *Guten og grenda*, har han med seg det han treng (s. 293):

Under loket ruvar reisenista
– reine julekosten er det plent,
og på heidersplassen øvst i kista
lyser salmebok og testament.

I diktet ”Hanen” frå debutsamlinga *Svarte næter* heiter det om han Lesar-Lars (s. 39):³⁸

Og når han song i
si salmebok,
kom hanen flaksand’
og tonen tok.

I diktet ”Spelskipet” frå samlinga *Storm frå vest* står ein flokk på stranda og syng salmar (s. 77). Songen – i dette tilfellet i Gustav Jensens gjendikting – lyder også frå tateren kalla ”Koppen” i denne samlinga (s. 80):

Den fyrste gongen eg såg den karen,
han var kje heiltupp i helgeskrud.
Han sat ved peisen i prestegarden
og song på ”Nærmere dig min Gud”.

I diktet ”Morgonandakt på moen” frå same samlinga er desse orda lagde i munnen på ein sersjant (s. 102f):

”Spring inn etter salmeboka,
men spring som ein djevlesett gamp!
Knapp att den-der knappen i broka,
din skjegle, innfeite svamp!
For no skal me takka og prise

³⁷ Steinar Brauteset nemner ein del døme i avhandlinga *Jakob Sandes lyrikk 1929 – 1956*, Oslo 1957, s. 61f.

³⁸ Med mindre anna er sagt er alle utdrag frå dikt av Jakob Sande henta frå *Dikt i samling*, femte utgåva, Oslo 2001.

Vårherre tri-fire minutt,
so kortleiken fær seg ei lise
til bøna og salmen er slutt.”

Karane kjem ut att med ”bøkene, steingrå av elde”. Meir forsonande er Jakob Sande i diktet ”Slik vil eg døy” frå samlinga *Sirius*. Som så ofte elles er det barndomsminne som strøymmer på hos eg-et, denne gongen ein Brorson-salme (s. 388):

Og katten skal få lov å vere inne,
– han likar rokken, so det vil han nok,
og opp av gamle, gløymde barndomsminne
stig songen om Den store, hvide flok.

Dei som les i denne Sande-verda, Lesar-Lars så vel som andre, les knapt anna enn *Bibelen*. Når prestane les, er tonen jamt negativ i dikta. Når andre les, er tonen mildare og dikteren meir sympatisk stilt. Slik er det også i diktet ”I sengi” som Sande sjølv aldri publiserte, men som kom på prent i Sørebo-biografien om dikteren i 2000:³⁹

Og guten ein bibel or barmen sin tok,
og las eit kapitel or Daniels bok
um himmeriks store sæle,
med skjelvande munn og mæle.

Diktet ”Grannar” frå *Storm frå vest* er ein gjennomført kontrast mellom dei Uppigard og dei Nerigard (s. 80):

Når gamlegubben Uppigard les teksten for sin flokk,
ligg gamlegubben Nerigard og dreg seg som ein stukk.

I jordferda i diktet ”Nekrolog” frå same samlinga stig presten fram ”med ei bok under armen” (s. 105). Når hesten på Utvær hamnar i kamp med draugen, i samlinga *Sirius*, har gardsfolket berre eitt å gjere (s. 401):

³⁹ Herbjørn Sørebo: *Ein storm frå vest*, Oslo 2000, s. 80. Tidfestinga for diktet er usikker, men Sørebo undrast om det har vore teke ut av tilfanget til debutsamlinga.

Dei skyna sopass at mot slik kommers
var våpenet huspostillen.

So stødde dei under med salmevers,
for no skulle, betterdø, draugen til pers,
den helvetes krokodillen
som rugar ut pestbasillen.

Etter "lesing, bøn og synging" må draugen gi tapt, og diktet tonar ut i ei ironisk lovprising:

Å lese Guds ord er so god ein skikk,
– å synge det og, forresten.
Gud unne oss alle til siste nikk
å oppfylle skrifta til punkt og prikk.
og stø oss til Ordet og presten.
– Men Herren forbarme hesten!

Dikta til Jakob Sande er forteljande og lite resonnerande. Det hender mykje i forteljingane hans. Dei fleste hendingane er lagde til det bondesamfunnet diktaren sjølv kjenner frå innsida. Nokre gonger går han inn i ei anna tid, som i diktet "Før slaget" i *Storm frå vest*. Her er det overgangsbrytingane mellom kristen og ikkje-kristen som pregar livet. Natta før slaget på Stiklestad sit ein hålogalending og seier (s. 112):

Jarnklædde hermenn med makt meg tok,
og bispen las upp noko tull av ei bok.

Då eg las dette, tenkte eg at vi får vere rause og skrive det på kontoen for rimord at den historiekunnige diktaren får det til å høyrast ut som karen drog rundt med bøker i moderne tyding av ordet. Etter at eg konfererte med faglitteraturen, måtte eg bite i meg den merknaden. Det var jo pergament bispen bar på, og med pergamentet blei dei gamle bokrullane erstatta av firkanta boksider.⁴⁰

⁴⁰ Just Broch: *Boktrykkerkunsten*, Oslo 1925, s. 4.

Ved sida av salmebok og bibel er det eit og anna oppbyggingsskriftet i Sandes diktverd. I diktet "Bestefar" frå samlinga *Villskog* kjem bestefar heim frå marknaden med gåver til kvart eit barn (s. 208):

Og den fine tollekniven med ein sylvholk var til meg,
og ho Siri fekk eit forkle med lomme,
og ho Kari fekk ei billedbok med englar, ho for seg,
og du kann tru dei var hentande gromme.

Prestens svoveltale er alt anna enn grom i Sandes diktverd. I diktet "Eg kryp" frå *Svarte næter* heiter det at (s. 41)

eg bukkar og skrapar for klokkar og prest
som preikar so vent på stolen, [...]

Også diktet "Barneminne" frå same samlinga sparkar i same lei (s. 55):

Og sjølvaste gamlepresten
heldt tale med glymjande mål, [...]

Stort likare stelt er det ikkje med prestens tale, dobbelmoralsk som han er i all si ferd, portrettert i diktet "Provsten" frå samlinga *Korn og klunger* (s. 369):

Harm han i sundagspreika
gjev syndaren herleg stryk,
og drøymer um sundagssteika
som møyr heim' i gryta ryk.

Berre når røysta kjem nedanfrå, frå "Gatepredikanten" i *Storm frå vest*, er diktaren mild og forsonande. Han kjende folket sitt godt nok til å vite at der er skilnad på emissærar også.

Spor av språkhistoria kjem berre til syne i nokre få glimt. Ein slik skriftstad er diktet "Til den norske landarbeidar" frå samlinga *Krossen og sleggja* (s. 263):

Audmjuk i kyrkjestolen
sat du på småmanns vis
når presten i silkekjolen

svinga sitt svovel-ris.
Bringa di saman klemdest
i redsle for brand og bål,
til veik for deg sjølv du skjemdest
og vraka ditt tungemål.

Når Daniel Davidson vender heim i samlinga *Guten og grenda*, har han lært seg det som trengst for å kome opp og fram (s. 294):

Som ein storkar i ordlag og fakter
og kledd opp som ein mann av byrd
står han atter på heimlege trakter,
storleg på strå og vyrd.
Han kom heim over stormande hav att
og har set meir enn jordiske flest
og har ordet på hand til han atter stikk av att
i storm frå nordvest.

Berre i samlinga *Sirius* frå 1955 har eg funne eit metadikt om det å dikte på nynorsk. Det står skrive i opningsstrofa i diktet "Slik vart min lodd" (s. 385):

Slik vart min lodd: eg sit ved skrivebordet
og baksar med eit vanvyrdd tungemål,
og dyrkar etter fattig evne ordet
som bondemannen dyrkar korn og kål.

Kyrkja er påtrengjande til stades i den kvardagen Sande diktar. Etter det eg kan sjå, er han i dikta sine berre innom skulen ein einaste gong, som snarast, når han diktar om "Lyder i sælebotsbota" i samlinga *Guten og grenda*. Det tener knapt skulen til ære (s. 309):

På skulen var Lyder ein sjeldkomen gjest,
men lell tok han livet av klokkaren mest,
so stakkaren gråna i håra.
Han vyrde kje slag, og han tok ikkje tukt,

og ordet, må vite, bar skrøpeleg frukt,
og trassen hans auka med åra.

Uviljen mot å bli forma gjennom slike samfunnsinstitusjonar blir også uttrykt av eg-et i diktet "På hekta" frå samlinga *Korn og klunger*. Den som har ordet, tenkjer over ungdomsåra sine og kjem til at han har klart seg så vidt det er (s. 372):

Dei var etter meg med riset sitt so snart eg lærde gå
for å forme meg som hine frå grunnen,
og so snart eg voks meg større, fekk eg tvangstrøya på,
og ei blad av kakisma i munnen.
Men trass gudsordet framanfor, og bjørkeriset bak
har dei aldri hatt den ettertrådde framgang i si sak,
og fått trassen min og livsmotet knekta,
– endå jamen har det vore på hekta.

Jakob Sandes beiske omtale av prestar og andre maktpersonar er velkjend og grundig kommentert i Sande-litteraturen.⁴¹ Dei som skriv om dette, har det med å plassere denne kritikken inn i den enkle, bjørnsonske matematikken med todeling mellom småfolk og storfolk. Heile den lesverdige Sande-biografien til Norvald Tveit byggjer på denne grunnforståinga. I eit reisebrev frå Sande til Dagbladet finn eg eit sjeldan skriftleg spor av diktarens sjølvforståing på dette punktet. Han har kome bort i norske utvandrarar på vestkysten av USA: "Når eg snakka med gamle folk her på desse kantar, kom dei atter og atter tilbake til den toskete skilnaden på storfolk og småfolk som rådde heime då dei for. Dei dreg seg til minnes krenkjingar av ymse slag som dei vart ute for av same grunnen, og spør om det er slik enno. Og eg, gudbetre, eg kan berre svare at eg sjølv har røynt det same både tidt og ofte."⁴²

⁴¹ Norvald Tveit har mint oss om at det også finst ein og annan sympatisk prest i diktverda til Sande. Interessant nok er det særleg ei novelle han viser til, "Eit Herrens vår –", jf. Tveit: *Jakob Sande*, Oslo 1975, s. 55.

⁴² Jakob Sande: "På langfart. Strandhogg i Statane", reisebrev i Dagbladet desember 1932, her sitert etter *Sjømannen Jakob Sande*, Oslo 1992, s. 32.

Denne livsrøynsla kan lesast inn i mange Sande-dikt. Diktet "Eg kryp" frå den første samlinga *Svarte næter* har gjerne vore lese som eit enkelt opprør mot alt som heiter makt. Eg vil minne om desse linjene (s. 41):

Og råkar eg fram på ein høglærd mann,
med brillor, og skolt utan hår på,
då kryp eg på fire som best eg kann,
og kysser den jord han går på.

Mange har jubla over diktet med den skarpe satiren mot underordningsstrukturane i det gamle standssamfunnet, der audmjuk truskap nedanfrå blei møtt med vern og hjelp ovanfrå.⁴³ Men har dei jublande teke innover seg det dei då får med på kjøpet? Det er jo ikkje berre øvrigheita som får sitt. Sandes kritikk rammar vidare enn som så, nærmast i sosial blinde, lausriven frå tid og rom. Også det vi i dag ville kalle intellektuelle, får her sine hogg frå diktaren. Han vender latteren mot ein høglærd, skalla mann med brillor, ein velkjend prototype i karikaturkunsten. Ein kunne kanskje tru at uttrykket *høglærd mann* viser til teologane. Det gjer det nok ikkje, for avstanden til dei med bokleg kunnskap held Jakob Sande ved lag like til si siste diktsamling. Den opnar med desse linjene i det første diktet "Eg vil heim" (s. 427):

Eg er trøytt, eg er lei av landet
eg er lei både folk og land.
Eg vil bort frå det lærde standet,
heim til bønder av bondestand.

Dette kjernediktet i forfattarskapen blir ofte lese som ein sjølvbiografi. Den lese måten fører oss inn i vanskar. Sande kom frå ein lærar- og klokkarheim der det var både aviser og mange fleire bøker enn dei han tok med seg inn i diktverda.⁴⁴ Steinar Brauteset veit å fortelje at Sande kunne Seips visebok på fingrane: "Han las dei bøkene som jamt var å finne i ein lærarheim på

⁴³ Tore Pryser: *Norsk historie 1814 – 1860*, Oslo 1999, s. 27.

⁴⁴ Norvald Tveit: *Jakob Sande*, Oslo 1975, s. 44.

Vestlandet: Aasen, Vinje, Garborg, Sivle, Hovden, og klassikarane i felleslitteraturen frå Holberg til Bjørnson.”⁴⁵ Lensmannen i bygda, Kolbein Melvær, var som nemnt ungdomsven av Sande og ein viktig litterær samtalepart.⁴⁶ Jakob Sande hadde altså knapt noko sjølvbiografisk driv til å melde flytting til ein bondestand han knapt hørde heime i. Det einaste måtte vere at han tydeleg sleit med lærarrolla si. Han ”ga ofte direkte uttrykk for sin avmektige vantrivsel på lærerværelser,” skriv Leif S. Dahl i sine Fredrikstad-minne om Jakob Sande. Det skorta på kontakten med kollegaer, miljøet gav han lite som lyrikar, og han identifiserte seg meir med bonden eller sjømannen enn med læraren, jungmann som han gjerne kalla seg.⁴⁷

Ein kan gjerne lese desse verselinjene biografisk, men eg trur det blir for enkelt og at det tilslører eit større spørsmål. Prinsipielt er det eit allment *eg* som fører ordet: Diktet uttrykkjer eit individuelt opprør mot dei skriftlærde og representerer ei vending frå teori over mot og tilbake til praksis. Her finn eg grunn til å minne om nokre basale historiske innsikter. Mens kvinnelege lærarar ofte var døtrer av embetsmenn og borgarar i byane, var det blant mennene mest berre bygdegutar som blei lærarar. ”Lærarane kom ofte frå utkantane,” skriv Tore Pryser: ”Lærarutdanning og underoffiserskule var einaste vegane fram for evnerike gutar i utkantbygdene.”⁴⁸ Jostein Nerbøvik fører linja vidare: ”Det gjekk ofte slik til at ein bondeson vart lærar, underoffiser, lensmann, politi e.l., og dernest at sonen hans fekk akademisk utdanning.”⁴⁹ Så kvifor då ønskje å snu dette straumen og i verste fall stoppe den? Den nye sosiale mobiliteten frå andre halvdel av 1800-talet opna jo så mange nye vegar?

Lærer- og klokkarsonen Jakob Sande var sjølv ein ganske så typisk vestlandslærer. Nyordninga med landsgymnas frå tidleg på 1900-talet gav

⁴⁵ Steinar Brauteset: *Jakob Sandes lyrikk 1929 – 1956*, Oslo 1957, s. 3.

⁴⁶ Norvald Tveit, same staden, s. 48 og 100.

⁴⁷ Leif S. Dahl: ”En fjording i Fredrikstad”, *Jakob Sande 1998*, s. 113.

⁴⁸ Tore Pryser: *Norsk historie 1800 – 1870*, Oslo 1985, s. 86.

⁴⁹ Jostein Nerbøvik: *Norsk historie 1870 – 1905*, Oslo 1986, s. 100. Dei siterte vurderingane er ikkje med i den siste utgåva hans av denne boka, *Norsk historie 1860 – 1914*, som kom ut i 1999.

teoretisk evnerik ungdom frå bygdene heilt andre vilkår for utdanning enn dei før hadde hatt. Det kan ikkje vere tvil om at denne utdanningsreforma var vellykka. Bygdesamfunna kunne tilby eigen ungdom fleire utdanningsvegar, til dels på eigne premissar, den nynorske kulturrørsla fekk fornya rekrutteringsgrunnlaget sitt, og denne norskdomsrørsla gav sine fornyande bidrag til mange lærarar si sjølvforståing.

I seinare år er det blitt nokså vanleg å kalle lærarane ein elite i bygdesamfunna. På nokre punkt kan dette vere ein dekkjande karakteristikk, men slett ikkje på alle. Eg skal nemne eit par slike modererande moment.

Innanfor skulen blei 1920- og 30-åra høgdepunktet for bruk av nynorsk. Her spelte sjølvsgatt lærarane ei viktig rolle, og sosiologisk var dei utan tvil meiningsdannarar i sine lokalsamfunn. Dei agerte i liten grad som nedlatande skriftlærde, skriv Jostein Nerbøvik i noregshistoria si: ”Lærarane heldt god kontakt med sitt sosiale opphav, og vart oftast krumtappen i det lokale organisasjonslivet.”⁵⁰ Då Nerbøvik i 1999 reviderte denne framstillinga, omtala han lærarane som ein alternativ elite, streka under behovet for det han kalla ein folkeleg-intellektuell leiarskap, og bytta ut metaforen *krumtapp*: ”Den moderne lærarstanden bygde bru mellom lokalkultur og nasjonalkultur.”⁵¹

Sosialt sett stod lærarane mellom dei bjørnsonske kategoriane småfolk, som oftast var fattige, og storfolk, som bragla med rikdom og høgd.⁵² I desse åra var det også stor arbeidsløyse blant lærarar. Nokre drog til sjøs, nokre blei bureisarar. Blei dei verande, blei dei også verande aktive i lokalsamfunna. Mang ein arbeidslaus lærar tok sine tak for nynorsken i desse åra. Å bruke nemninga *elite* om slike aktørar vil altså gi skeive økonomiske assosiasjonar.

Ordet *elite* vil i europeisk historie gjerne referere til eit miljø av intellektuelle. Mange lærarar som var med og dreiv fram det nynorske

⁵⁰ Jostein Nerbøvik, same staden, s. 100.

⁵¹ Jostein Nerbøvik: *Norsk historie 1860 – 1914*, Oslo 1999, s. 50ff.

⁵² Historikarane avgrensar gjerne bruken av omgrepet standssamfunn til tida fram mot andre halvdel av 1800-talet. Standsskilja var både yrkesskilje og tufta på økonomi, skriv Tore Pryser i *Norsk historie 1814 – 1860*, Oslo 1999, s. 23.

prosjektet, kunne gjerne kallast intellektuelle. Alle lærarar kan likevel ikkje reknast med i denne gruppa. Sjølvforståinga deira eller oppfatninga av omverda peika heller ikkje alltid i den lei; slik er det jamvel i dag. I utøvinga si som diktar var Jakob Sande utan tvil ein intellektuell. Likevel bar han sjølv fordømmar mot dei intellektuelle til torgs i diktinga si.

Diktverket og dermed diktverda til Jakob Sande blir lukka med diktet ”Bautasteinar”. Dei siste og ofte siterte verselinjene i diktet representerer ei brå vending i høve til det han tidlegare har hatt å melde om skrift og skriftkultur. Det einaste håpet han har no, er nettopp diktekunsten (s. 465):

Nei, ta det med ro, småsveinar,
trø stilt på jord.
Eg har reist mine bautasteinar
i ord.

Slik sluttar ein forfattarskap som rører seg mellom nåskrik og gudsord, trolleslått og salmesong. Det er ein forfattarskap som først og sist diktar om det gamle samfunnet, om eit bondesamfunn der ein knapt går på skule, men gjerne dreg til sjøs og i staden går på livets skule, der katekismen, postillen og Bibelen representerer dei einaste gyldige vegskilta på livsens veg, og der bokleg lærdom kjem til kort mot folketru og tradert kunnskap. Slik kunne ein kanskje dikte i 1930, men moderniseringa av landet etter den tyske okkupasjonen fekk ein slik litterær strategi til å smuldre opp. Eg finn støtte for dette synet hos Ivar Eskeland, som skriv at etter 1945 dikta Sande mest på sine nostalgiske minne.⁵³ I diktinga si melde Sandes dikt-eg seg ut av ”det lærde standet” like før utdanningsekspløsjonen råka det norske samfunnet utover i 1960-åra. Det var eit uvanleg dårleg valt tidspunkt for å klamre seg fast til det traderte bondesamfunnet.

Ut frå tradisjonell romantisk tankegang ville det vere vanleg å seie at skaparkrafta hans ebba ut, slik det så misvisande er blitt sagt om Arne Garborg

⁵³ Ivar Eskeland: ”Jakob Sandes lyrikk, ein song om Guds stykborn”, *Syn og Segn* 1967, s. 244.

då han ved inngangen til 1900-talet gjekk meir over til sakprosa.⁵⁴ Sande var blitt så bitter og så lett å såre, skriv Erling Læg Reid i sine minne frå samvær med dikteren i 1950- og 60-åra. Læg Reid forklarar dette med at dei litterære vindane bles ikkje i Sandes lei, ”at skaparkrafta hans var i ferd med å tørka ut og at han heldt liv i seg med gamle viser og folkeleg suksess.”⁵⁵ Eg kjenner stor avstand til slike romantiske kategoriseringar. Eg ville heller seie at det i 1960-åra ikkje lenger gav meining å dikte fram det gamle bondesamfunnet som einaste berande sosiale norm. Som diktar plasserte lektoren Jakob Sande seg i ein posisjon som nærmar seg styggeleg det anti-intellektuelle. I hans diktverd var det vanskeleg å kombinere bygdeliv med noka intellektuell forståing av liv og kunnskap.

Jamvel hans eigne dikt var blitt bautasteinar, som han sjølv skreiv, altså monument frå farne tider. Såg han då sjølv at det var slik og at no var det slutt?

Det nynorske problemet

Med all den spott, satire og ironi som finst i Jakob Sandes dikt, kan det verke naivt å lese han så bokstavrett som eg no har gjort. Det er berre det at under satiren og ironien er der alltid ein konstant. Vi har ikkje å gjere med ein forfattar som på postmoderne vis gjer alt til ironi og dermed løyser opp alle posisjonar. Normene i diktverda hans er ikkje alltid like eintydige, men den boklege lærdommen avviser han utan ironiske atterhald eller tvisynt latter. Så konstant er denne norma at den kan sporast frå første til siste diktsamling.

Det får konsekvensar for oppfatningane av forholdet mellom Jakob Sande og det nynorske.

Gjennom heile forfattarskapen sin knyter den folkekjære songdiktaren Jakob Sande det nynorske språket til dei gamle samfunnsformene. Dei som med rette synest at nynorsk er så vakkert i dikt, kan dermed samstundes få stadfesta at nynorsk er ein del av fortida og i verste fall er eit språk utan framtid. Det

⁵⁴ Emnet er utdjupa i Ottar Grepstad: *Det nynorske blikket*, Oslo 2002, s. 456–481.

⁵⁵ Erling Læg Reid: ”Han bar sin koffert sjølv”, *Jakob Sande 2002*, s. 27.

meinte nok ikkje Jakob Sande, men diktverket hans opnar for ein slik lese måte. I så fall blir det ufarleg å like dikta hans, for dei utfordrar ikkje samtidskategoriane.

No trur ikkje eg at dette er det mest kinkige ved det eg har avdekt. Paradokset er at denne lærde diktaren framelska det skrift- og bokklause samfunnet der tradisjonen var sterkare enn skriftfesta innsikt. Utan atterhald set han det folkelege opp mot og over det intellektuelle. På sitt mest klisjéfylte og romantiske er han i diktet ”Med helsing –” frå siste samlinga i 1961 (s. 453):

Lat andre med sitt gull på bringa tindre,
men du og eg har gullet i vårt indre,
– det tener folket best, og folket tener vi.

Vi må til dei mest trivielle politiske bruksdikta frå 1970-talet for å finne maken til hylling av Folket i nyare tid. Gjennom heile forfattarskapen sin held Sande fast ved denne forståinga, men som regel i meir elegante former.

Hadde det berre vore så vel at han var den einaste som gjorde det.⁵⁶ Den romantiske dyrkinga av det folkelege pregar mange målfolk og nynorskbrukarar den dag i dag.

Ein av dei få som har sett namn på problemet, er Arne Apelseth. I ein tidleg fase av arbeidet med å realisere ideen om Ivar Aasen-tunet heldt han eit foredrag der han gjorde behovet for ein møtestad mellom folkeleg engasjement og akademisk fordjuping til eitt av fleire argument for ein slik institusjon. Apelseth viste til at målrørsla ideelt sett skulle trekkje veksjar på både den lærde og den folkelege kunnskapen, slik Ivar Aasen hadde gjort, men at målrørsla var blitt ”så oppteken av å røkte det folkelege alibiet sitt – den såkalla grasrota – at ho beint fram har kome i skade for å vanvørde høgare utdanning”, at målrørsla

⁵⁶ Dei neste sidene byggjer på Ottar Grepstad: *Det nynorske blikket*, Oslo 2002, s. 68–73.

hadde lagt seg til ein vane med å snobbe nedover og at Noregs Mållag gjorde pinleg liten bruk av nynorske akademikarar.⁵⁷

Eg er berre ein av mange nynorske akademikarar som har lagt vinn på å få fram breidda og spenningane i den nynorske skriftkulturen, at nynorsk faktisk rommar både høgstil, mellomstil og lågstil, og at nynorsk også bør gjere det. Det kan verke underleg at ein må streke under noko så sjølvst. Så vidt eg veit har ingen til no funne det nødvendig å framheve at til dømes bokmål rommar ulike stilnivå og handlar om både det høge og det låge og alt som er imellom. Berre eit mindre brukt språk må gjere rett for seg. Forståinga av dei ulike stilnivåa i eit språk har prega iallfall europeisk kultur like sidan den greske antikken. Eg går utan vidare ut frå at det typiske er at eit språk faktisk har ulike stilnivå. Nynorsk er i så fall ikkje anna enn eit typisk språk.

Likevel kan eg ikkje setje punktum der, for det har sine grunnar at spennvidda mellom det høge og det låge jamleg blir framheva i det nynorske. Eit språk som skal byggje på norsk folkemåls grunn, vil bere i seg ei forplikting til å halde ved lag den nære kontakten med kvardagen og det låge. Nynorsken og dialektane kan aldri skilje lag – og bør heller ikkje gjere det. Historisk har det sosiale opprøret som nynorsken har representert, vore ein annan viktig grunn til å ta vare på sambandet mellom Gud og kvarmann og språket. At nynorsken etter kvart også vann ei sterk stilling som språk for kunst, så sterk at somme kallar nynorsk eit kunstspråk – og då tenkjer eg ikkje på dei som niheld på fordommen om nynorsk som eit kunstig språk, har også vore med og definert behovet for å peike på at jo, nynorsk kan brukast til alt, ikkje berre til dikt. Dess mindre marginal nynorsken blei innanfor kunsten, dess viktigare blei det truleg å unngå inntrykket av at det kvardagslege var marginalt for nynorsken. I historia om den nynorske skriftkulturen finst det mange hendingar som kan rettferdiggjere ein slik posisjon.

⁵⁷ Arne Apelseth: ”5 målpolitiske grunnar for eit ’Ivar Aasen-senter for nynorsk skriftkultur’”, udatert manuskript, arkiv Ivar Aasen-tunet.

Det er nok å ta eit lite steg til sides, attende til 1969. Då forlagssjefen i Det Norske Samlaget det året ville gi ut ein biografi om Ivar Medaas av Norvald Tveit, skar det seg kraftig mellom forlagssjefen og styret. Halve styret meinte det ikkje var ei oppgåve for forlaget å gi ut bøker med ei slik publikumsfrieande popheltedyrking. Ein styremedlem meinte jamvel at ”vi med slike bøker motarbeider det vi elles arbeider for”. Heldigvis sa styreformannen at han ikkje hadde lese boka og difor ikkje meinte noko i denne saka. Det berga utgivinga. Så vanskeleg kunne det altså vere å vere populær på nynorsk for berre ein mannsalder sidan.⁵⁸ At det kom ein nynorsk plateslager seint på 1930-talet, gjorde altså også lite inntrykk i den organiserte målrørsla. Éin grunn kan ha vore at målrørsla då var i ferd med å misse grepet om den sosiale sida av målsaka.

Kunne det heile forenklast til eit spørsmål om domenetap, var ikkje kritikken frå Apelsestet så kinkig. Så enkelt kan dette likevel ikkje gjerast, for vi har å gjere med sterke mistydingar og mytologiske oppfatningar.

Det er eit faktum at utdanning og alder i dag dannar skarpe skilje blant folk i deira verdival, haldningar og interesser.⁵⁹ Den leksikalske forståinga av ein *intellektuell* er at det er ein person med høgare teoretisk utdanning, og som då høyrer til det Sande kalla det lærde standet. I Noreg, sikkert også i mange andre land, er det ein altfor snever definisjon no. Olav H. Hauge hadde inga slik utdanning, men var i fremste rekkja av europeiske intellektuelle, og likevel jordnær som få. Blant intellektuelle føregår ein del diskusjonar som ofte ikkje er så viktige for andre. Den som er nyfiken på ny innsikt og ny kunnskap, og som ønskjer å kjenne til nokon av desse diskusjonane, er i høgste grad ein intellektuell.

Den lærdomstradisjonen som utover 1900-talet blei sjølve grunnlaget for mange viktige norske bygdebyar, står ikkje høgt i kurs hos alle. Mange av dei som har lite av høgare utdanning, kjenner seg mindreverdige i høve til slike

⁵⁸ Avsnittet byggjer på Ottar Grepstad: *Det nynorske blikket*, Oslo 2002, s. 112f, med detaljerte kjeldetilvisingar.

⁵⁹ Ottar Hellevik: *Nordmenn og det gode liv*, Oslo 1996, s. 33.

miljø. Det finst ingen grunn til at dei skal tenkje slik. Den demokratiseringa av det norske samfunnet som ikkje minst Ivar Aasen representerte, gjorde det mogleg for folk å rette ryggen. Ingen er meir verd eller betre eller viktigare om dei har den eine eller den andre bakgrunnen, men det er og blir positivt at folk faktisk har ulik bakgrunn og ikkje tenkjer likt om alt. Dei som set all sin lit til det folkelege, framhevar gjerne Aasen som føredøme. Som intellektuell og som vitskapsmann var han blant dei fremste i Europa i faget sitt, og høgt respektert også her til lands. Men dei same som respekterte han for hans faglege innsikter, kritiserte eller fordømde eller latterleggjorde den kulturpolitiske sida av arbeidet hans, den som nettopp tok sikte på å gi breie folkegrupper eit nytt skriftspråk. 150 år seinare er dette nesten snudd om. No blir det å vere ”intellektuell” til dels omtalt i sterkt negative ordelag. Det synest vanskeleg å leggje noko positivt i *begge* omgrepa.

Nett det blir ikkje lettare når omgrepet *folk flest* har så mange tydingar som det har i vår høgpopulistiske tid. I mange høve viser det til kva fleirtalet meiner, andre gonger er det tale om eit gjennomsnitt, ei tenkt typisk oppfatning, og stundom er det eit anna uttrykk for ikkje-akademisk. Det er som om det blir jamt viktigare å halde fast ved nemningane *folk* og *folkeleg* sjølv om desse omgrepa etter kvart, og særleg etter at Jakob Sande gjekk or tida, er blitt ubrukelege til å forklare ulike kulturelle preferansar eller skilnader. Den såkalla folkediktinga blei omforma til eit viktig element i den europeiske nasjonsbygginga. Då som no var *folk* eit omgrep som dels viste til ein stand, dels til ein klasse, dels til ein heil nasjon. Fagleg gir det meining å snakke om ulike sosiale gruppers traderte kunst. Jamvel om slike vendingar blir tunge i bruk, er det difor på tide å frigjere seg frå blekksprutordet *folkeleg*.⁶⁰ Vi treng framleis omgrep for det som desse orda refererer til, men vi treng ikkje det ideologiske slagget som er klistra til dei.

⁶⁰ Emnet blir noko utdjupa i Ottar Grepstad: *Balladen om Europa*, Oslo 1985, s. 43ff.

Innanfor den nynorske skriftkulturen blei det etter kvart ein viss tradisjon for at det er positivt å vere folkeleg og skrive enkle nynorske setningar, men negativt å vere akademisk og skape krevjande resonnement på nynorsk.⁶¹ Ein som fekk merke det frå to ulike hald, var Hans Skjervheim. I det sentrale filosofimiljøet i Oslo møtte fleire han med skepsis då han som den første tok i bruk nynorsk som språk for sine filosofiske essay i 1950- og 60-åra. Sjølv følte han seg også litt uglesett av ein del målfolk som ikkje hadde nokon sans for at nynorsk blei brukt til vanskelege tankar.⁶² Det han gjorde, stemte ikkje med deira sjølvbilete, der nynorsk skulle avgrensast på ein slik måte at det ville vere umogleg å dekkje heile det menneskelege felt. På denne tida var det derimot blitt gjevt å vere så populær som Sande.

”Det er De som har lært meg aa lyda etter den klangen som er ekte,” er ei kjend utsegn frå Olav Duun.⁶³ Med dette sette han ord på noko av det Bjarte Birkeland har funne i bøkene hans, ein ”viss indre motstand mot ymse sider ved ein reindyrka intellektuell kultur, utan samband med dei harde livskår for vanlege folk som han sjølv hadde røynt i ungdomen.”⁶⁴ Det er nett det same vi finn hos Jakob Sande.

Det *var* ikkje nødvendig for Sande å skrive som han gjorde. Andre nynorske diktarar har fare like sterkt åt med dei grelle sidene av bygdesamfunnet som han. Tenk berre på slike som Tor Jonsson og Marie Takvam. Ingen av dei har laga verselinjer som opnar for skuldingar om anti-intellektuelle

⁶¹ Det er mykje rart i store byar og på Internett. Hos Kringkastingsringen snubla eg over eit avsnitt som diverre stadfestar påstanden min. Leiar Terje S. Skjerdal i Mediemållaget skreiv i medlemsbladet *Kringom 2/2002* artikkelen ”Gamaldags journalistspråk” om nye og moderne rollemodellar for det nynorske nyheitsspråket: ”Ein del av oss ser framleis opp til det enkle og folkelege språket som Jakob Sande og Olav H. Hauge marknadsførte, og me hentar våre språklege førebilete frå lærebøker som var i bruk i småskulen på 1950-talet. Det er mykje godt å seia om Jakob Sande og Olav H. Hauge, men journalistar var dei ikkje. [...] Nokre av oss har oppdatert oss og henta språklege førebilete i samtidige storleikar av typen Berge Furre (han får jo språkprisar og greier). Men det er klart at Berge Furre ikkje er noko anna enn ei forlenging av den gamle skulemålstradisjonen. Dessutan er han historikar. Igjen: Til sitt bruk er språket til Berge Furre både suverent og funksjonelt, men dersom traustheita hans vert eit førebilete for oss når me lagar overskrifter og ingressar, blir det berre snålt.”

⁶² Jon Hellesnes i gjesteførelinga ”Hans Skjervheim – ein pioner i europeisk filosofi”, Høgskulen i Volda 6.5.1999, eigne notat. Dette momentet er ikkje med i den utvida bokversjonen *Om Hans Skjervheim*, Oslo 2000, jf s. 70 og 75f. Jan Inge Sørbø kjem merkeleg nok ikkje inn på dette i *Hans Skjervheim – ein intellektuell biografi*, Oslo 2002.

⁶³ Olav Duun i brev til Vetle Vislie 27.1.1908, i Olav Dalgard (red): *Olav Duun*, Oslo 1976, s. 171.

⁶⁴ Bjarte Birkeland: *Olav Duuns soger og forteljingar*, Oslo 1976, s. 173.

forståingsmåtar, men dei skreiv det som i mangel på betre nemningar blir kalla tilgjengeleg lyrikk, og begge blei dei folkekjære. Tor Jonsson var berre ti år yngre enn Sande og hadde eit lågare sosialt utkikkspunkt, men skreiv dikt på dikt om det positive ved *ordet* og om det vanskelege ved å vere diktar i eit bygdesamfunn:⁶⁵

Det er vondt å vera blome
blant tunge våronnhestar,
men verre vera diktar
blant fattigfolk og prestar.

Liksom Sande kom Marie Takvam frå ein heim med bøker og skrifter. Ho var den første kvinna frå Hjørundfjorden på Sunnmøre som tok eksamen artium, og mangla berre ein eksamen eller to på å bli psykolog og ta siste steget inn i det lærde standet. Ho ville også heim att, men til skilnad frå Sande makta ho å ta det nye inn i dikta sine, som i ”Tale ved båra til ein vestlands-småbonde”:⁶⁶

Vi kom på avstand i samtalar også.
Skolane la ord og tankar i oss
som ikkje høyrde dalen til.

Idar Stegane har kalla den nynorske skriftkulturen ein møtestad mellom det folkelege og det intellektuelle.⁶⁷ Slike møtestader finst det fleire av, til dømes i arbeidarrørsla, skriv Stegane, men den nynorske møtestaden skil seg ut. Det var ikkje nok å frigjere folkemålet på 1800-talet. Det måtte også byggjast opp ein skriftleg tradisjon, og det kunne berre skje etter akademiske mønster og føresetnader. Visst var både Aasen, Vinje og Garborg intellektuelle, men på nynorsk måtte dei vere folkelege i det akademiske også, og hadde enno ikkje eit etablert skriftspråk å gå til. Difor måtte dei heile tida ”dra seg til minnes

⁶⁵ Tor Jonsson: ”Diktarliv”, *Dikt i samling*, Oslo 1987, s. 157.

⁶⁶ Marie Takvam: *Dikt i samling*, spesialutgåve til Dei Nynorske Festspela 2003, Oslo 2003, s. 185.

⁶⁷ Usignert [Idar Stegane]: ”Nynorsk skriftkultur – ein møtestad mellom det folkelege og det akademiske,” i *Ivar Aasen-senteret. Eit nasjonalt senter for nynorsk skriftkultur*, Forprosjekt, Volda 1992, s. 62. Artikkelen må lesast som ei vidareføring av synspunkta til Apelseth.

talemålet heiman or bygdene og elles kva dei måtte ha høyrte kring land og strand”.⁶⁸

Ut frå vilkåra i språket sjølv blei dermed avstanden mellom akademisk og folkeleg språk mindre på nynorsk, konkluderer Idar Stegane. Med tida blei dette også den rådande nynorske sjølvforståinga. Dette sjølvbiletet endra seg lite sjølv om nynorsk etter kvart fekk ein tung og sterk skriftspråktradisjon, og den endringa som skjedde, gjekk iallfall ikkje i retning av det intellektuelle. Det var det Hans Skjervheim fekk merke. Så er då dette eit bodord for nynorskbrukaren: Ver folkeleg og intellektuell på same tid.

I det bodordet ligg eit press frå det kollektive: Ver som oss! Skil deg ikkje ut! Det går ikkje alltid så bra, for i den same sjølvforståinga ligg også ei oppfatning om at nynorsk er eit personleg språk, eit hjartespåk. Då er det ikkje sikkert at nynorskbrukarens individuelle sjølvopfatning går i hop med den historisk kollektive sjølvforståinga. Sjølvkjensla hos ein kunstnar eller ein akademikar blir verdsett i sine språklege uttrykk like fram til grensa for det reindyrka intellektuelle. Men då skal du ha takk. Sanneleg, sanneleg, Det store Vi finst på nynorsk også.

Sandes kulturelle skørfeste

I det avgjerande skjeringspunktet mellom det intellektuelle og det anti-intellektuelle valde individualisten Jakob Sande å gå inn i Det store Vi.⁶⁹ På dette punktet var han ingen opposisjonell, men ein svært konform diktar.

For han var det svært viktig å bli forstått, og jo meir applaus han fekk der han stod i scenelyset, jo viktigare blei det ganske sikkert også å nå ut til endå fleire. Om ikkje anna låg det ei legitim økonomisk interesse i dette, men eg trur det også var viktig for Sande å nå ut av kulturpolitiske grunnar så skodda kunne lette og nynorsken vinne fram. Verdien av å bli forstått er ei grunnhaldning eg

⁶⁸ Idar Stegane, same staden.

⁶⁹ Valde han? Det er uråd å seie sikkert om den talemåten er rimeleg å bruke i dette tilfellet. Om han ikkje valde, er iallfall konsekvensen at han kom til ein slik posisjon.

finn hos mange nynorske diktarar. Ikkje berre hos dei, sjølv sagt, men hos ein del profilerte nynorskbrukarar ligg det ein mogleg språkpolitisk gevinst i det å bli forstått: Det ville kome nynorsken til gode. Å nå ut til mange, vere tilgjengeleg og bli forstått, var mål som stilte andre krav til den som ytra seg på Sandes tid enn til den som vil seie noko i dag. Sande-biografen Norvald Tveit gjer dette behovet for å bli forstått til essensen i denne forfattarskapen: ”Sande ville nå det enkle mennesket, og difor la han seg etter å skrive slik at det enkle mennesket kunne forstå han og ta imot det han har å by dei. Dette lykkast. Så enkelt er det.”⁷⁰

Ja, er det no så enkelt?

Jakob Sande drog store vekslar på sin eigen boklege og skriftkulturelle lærdom. Elles kunne han ikkje ha dikta som han gjorde. Paradokset er at slike innsikter står ikkje høgt i kurs i diktverda hans. Her må eg då leggje til at den som les dei tre novellesamlingane hans frå åra 1935 – 1946, vil finne element som set fleire fargar til dette dystre biletet. For åtteåringen Seselje er det stas med han Karnels som kan lese, så fine biletbøker som han har, men sjølv hadde ho ikkje kome seg til skulen enno, for anten måtte ho hjelpe til i potetåkeren eller så var ho skolaus.⁷¹ Handlinga i novella ”Guten og hesten” er lagd til ein mellomskuleeksamen i tysk, og i ei anna novelle har ein heimvend bondeson gått på jordbruksskule i Steinkjer, men det har faren så lite til overs for at han fnyser berre *høymoleskulen* etter sonen.⁷² I novella ”Skarlagensnora” ligg ho Clementine og les, og det er som det skal vere.⁷³ Dei som bur i novellene til Sande, les både Folkebladet – som vel er Firda Folkeblad, For Fatig og Rig, Sambåndet og Bergens Tidende, og han Rasmus i Bakken driv visst og les på eit hønseblad, ”Fjærkræholderen eller eit kvart slikt”.⁷⁴ Av ein omreisande

⁷⁰ Norvald Tveit, same staden, s. 137.

⁷¹ Jakob Sande: ”Haukereiret”, *Noveller i samling*, Oslo 1974, s. 49f.

⁷² Jakob Sande: ”Guten og hesten” og ”Den dyre retten”, *Noveller i samling*, Oslo 1974, s. 82 og 101.

⁷³ Jakob Sande: ”Skarlagensnora”, *Noveller i samling*, Oslo 1974, s. 146.

⁷⁴ Jakob Sande: ”Eit herrens vêr – ”, *Noveller i samling*, Oslo 1974, s. 106f.

kolportør er det jamvel ein som har skaffa seg *Nævekjæmpens ABC*.⁷⁵ Det er altså ikkje utan vidare det same bondesamfunnet vi møter i lyrikken og i novellene til Jakob Sande.⁷⁶

Fleire nyare studiar har vist ein sterk ambivalens i forfattarskapen til Jakob Sande. Han rører seg i heile rommet mellom bøn og bannskap, diktar salmar, driv ap med prestane, hentar gjerne emne og språk frå Bibelen, og diktar om livet før nynorsken kom inn i verda og kyrkja. I beste fall har eg funne ein annan ambivalens i diktekunsten, den mellom tradert kunnskap og autorisert læring, som igjen heng saman med den til tider brutale spenninga mellom det intellektuelle og det såkalla folkelege, mellom folketru og vitskap.

Denne ambivalensen løyste han ikkje. Etter kvart hamna Jakob Sande i eit kulturelt skørfeste i sitt kjære, verdifulle og verneverdige bondesamfunn. Han stivna til i forelda litterære og tankemessige kategoriar. Liksom smalen i diktet ”Skørfast” frå samlinga *Storm frå vest* søkte han mot den grasgrøne bota høgt oppi Svartsjøsnipa. Derifrå hadde han vidt utsyn over bygda og verda.

Å kome seg ned att var verre.

Kanskje, men berre kanskje, er det noko av grunnen til at han etter så mange ord enno ikkje heilt er blitt min mann.

Utvida manuskript til foredrag på Jakob Sande-seminaret 2003, Dale i Sunnfjord 9.8.2003
Trykt i *Jakob Sande 2004*, årbok frå Jakob Sande-selskapet

⁷⁵ Jakob Sande: ”Slagsmål i Beitekvia”, *Noveller i samling*, Oslo 1974, s. 40. Førebels tyder ikkje søk i nordiske bibliotekdatabasar på at den nemnde boka faktisk finst.

⁷⁶ I novella ”Skifte” har dikteren fått med ein observant historisk detalj når han let emissæren gi salmeboka si ”til henne gamle Siri Kleppe som hadde teke med seg Kingo og ikkje kunne finne fram i Landstad”, jf. *Noveller i samling*, Oslo 1974, s. 91. Den einaste meir utførlege studien av novellene til Sande så langt er Atle Kittang: ”Jakob Sande som novellekunstnar”, *Jakob Sande 2000*, s. 28-46. Han peikar på det særmerkte ved at Sande er ein av få norske lyrikkarar som dreiv eit litterært vekselbruk mellom lyrikk og noveller, men drøftar ikkje den nemnde skilnaden i diktverda mellom lyrikken og novellene.